




STRYN KOMMUNE
Rådmannsavdelinga

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep

0033 OSLO



Vår ref.
04/2323-4/ S10 //ANH

Dykkar ref.

Dato:
04.03.2005

NOU 2004:26 Heimfall - Høyring.

Vi viser til høyringsbrev d.s. 01.12.04.

Stryn formannskap handsama saka i møte 23.02.05, som sak 39/05.

Vedlagt fylgjer utskrift av formannskapet si møtebok.

Med helsing

Anders Heggdal
kontorsjef
57 87 48 50

Kopi til KS-Sogn og Fjordane, postboks 321, 6801 Førde.

Postadresse/besøksadresse:
Tonningsgata 4
6783 STRYN

Telefon 57 87 47 00
Telefaks: 57 87 47 01

Org.nr: 963 989 202

e-postadresse: postmottak@stryn.kommune.no
Heimeside: <http://www.stryn.kommune.no>

Banksamband
Nordea 6557 05 02802
Sparebanken SFJ Stryn 3795 07 00239
Sparebanken SFJ Innvik 3770 07 00314
Postbanken (SKATT) 7855 05 14493



STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO
FO 039/05	Formannskapet	23.02.2005

Ref: 2004002323 -3 Ark. S10
Sakshandsamar: Harald Risnes

NOU 2004: 26 Heimfall - Høyring.

Presentasjon:

Ved kongeleg resolusjon 4. april 2003 vart det oppnemnt eit utval for å greie ut ei vidareføring av heimfallsordninga og utforminga av denne. Utvalet skulle også vurdere behovet for endringar i det noverande heimfallregimet og konsekvensane av å oppheve heimfallsinstituttet. Heimfallsutvalet har levert si utgreiing – NOU 2004: 26. Utgreiinga er sendt på høyring med frist 1. mars 2005.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

- Industrikonsesjonslova.
- Vassdragsreguleringslova.

Aktuelt sakstilfang:

Vedlagt saka:

- Høyringsbrev frå Olje- og energidepartementet dat. 01.12.04.
- Samandrag av NOU 2004: 26.
- Uttale frå KS av 04.02.05.
- Formannskapet si fråsegn av 26.03.03 til høyringsnotat.

Ikkje vedlagt:

- NOU 2004:26.

Saksopplysningar:

Utgreiinga som ligg føre frå heimfallsutvalet er i hovudsak knytt til følgjande punkt:

- Heimfallsvilkåra sitt innhald.
- Konsesjonsperioden si lengde.
- Implementeringsmetode.
- Eksisterande private konsesjonar.
- Fordeling av heimfalte verdjar.

Utvalet er delt i sine tilrådingar.

Vurdering:

Det er etter at innstillinga vart kjend kome fram betydeleg usemje mellom dei juridiske ekspertane som har uttala seg om forslaga. Rådmannen si vurdering går fram av tilrådinga nedanfor.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

At heimfallsutvalet i ei så viktig sak er delt i dei fleste spørsmål er urovekkande. At fleirtalet i tillegg også er delt der departementet utgjer ei eiga gruppe, kan tyde på at det er mange syn på kva konsekvensane forslaga fører til, og at det er mange særinteresser i saka.

Heimfallsretten vart etablert for om lag 100 år sidan, og er hovudgrunnen til at vasskraftsektoren i dag er eigd av staten, kommunane og fylkeskommunane med 90 prosent, og den resterande 10 prosenten av private (industrien).

Vasskrafta er ein fornybar, evigvarande og forureiningfri ressurs og betre enn alle andre kjende energikjelder. Investeringane er nesten evigvarande og vil over tid gje ei betydeleg grunnrente.

Aukande miljøfokus på verda sitt energiforbruk vil auke vasskrafta sin verdi i framtida.

Vasskrafta er vår viktigaste infrastruktur, og ingen annan næring har bidrege på same måte til industriutvikling, distriktsutbygging og utviklinga av det norske velferdssamfunnet.

Ingen annan nasjon er som Noreg fullt ut avhengig av vasskraftproduksjonen i el-forbruket sitt.

Berre eit framtidig tungt offentleg eigarskap kan sikre desse verdiane for etterkomarane våre. Heimfallsretten må oppretthaldast som eit verktøy til forsvar for den offentlege eigarskapen.

Dersom heimfallsreglane må endrast på grunn av EØS-avtalen, er det av stor nasjonal betydning at desse endringane ikkje fører til eit storstila sal av norske vasskraftressursar.

Det må krevjast grundige konsekvensutgreiingar av dei regelendingane som vert føreslegne før dei vert vedtekne og før dei vert sett ut i livet. Det må vidare vere eit krav at den norske stat gjer ESA kjend med dei særnorske behov som er knytt til vasskrafta og eigarskapen.

Dei fleste europeiske land har eit tungt offentleg eigarskap i kraftforsyninga si, og har sterke politiske målsettingar om å halde fram med det. For Noreg med si vasskraft, sine naturressursar, si lokalisering og sin industri er omsynet til eit eigarskap viktigare enn i noko anna land.

Fleirtalet si innstilling frå heimfallsutvalet fører til eit sterkt salspress på dagens offentlege eigarar og må avvisast. Nye heimfallsreglar må ha som overordna mål å sikre det offentlege eigarskapet.

Handsaming i Formannskapet 23.02.2005.

FO-039/05 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Sign.



Harald Risnes

- sekr. -

Utskrift sendt til:

Olje- og energidepartementet, postb. 8148 – Dep., 0033 Oslo.
KS, Sogn og Fjordane, Postb. 321, 6801 Førde